



Torbjørge Eitrheim Bergersen  
Galtenesvegen 9  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/8466 - 22/95256

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

[linda.folkestad@alver.kommune.no](mailto:linda.folkestad@alver.kommune.no)

Dato:

14.12.2022

## Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - gbnr 323/261 Frekhaug

**Tiltak:** carport  
**Byggjestad:** Galtnesvegen 9 - Gbnr: 323/261  
**Tiltakshavar:** Torbjørge Eitrheim Bergersen  
**Ansvarleg søkjar:** Torbjørge Eitrheim Bergersen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett for etablering av carport – Gbnr 323/261.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Eigar av Gbnr 323/261 søker om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett for oppsetting av carport på Gbnr 323/261.

#### Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på vilkår. Næraste del av carport skal ha ei minste avstand til kommunalt leidningsnett på 2,5 meter, som omsøkt. Alle avstandar skal målast horisontalt. Mellom carport og kommunal veg er det etablert ei lav mur som har ei avstand frå kommunal vegkant på ca. 0,8 meter. Muren vart etablert under utbygging av feltet. Det er usikkert om mur er forsvarleg fundamentert. Kommunen sett difor krav om at carport skal være sikra mot utrasing ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og overvassnett).

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på vilkår.

### **Vedtak**

Med heimel i Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4 gjev Alver kommune dispensasjon frå avstandskrav til offentlege leidningsnett på vilkår.

### **Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:**

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

- Minste avstand mellom carport og næraste del av offentleg leidningsnett skal være minimum 2,5 meter, som omsøkt. Avstand skal målast horisontalt.
- Carport skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn, avløp og overvassnett).
- Ei føresetnad for dispensasjonen er at andre nødvendige løyver ligg føre.
- Alver kommune frå seier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4.0 meter. Dersom det under arbeid på kommunalteknisk anlegg oppstår skader på carporten, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av carport er sjølv ansvarleg for å sørge for og påkoste utbetring av evt. skader.

**Vedtaket gir berre løyve til å plassere carport nærare kommunalt leidningsnett enn avstandskrav fastsett i Standard abonnementsvilkår – Administrative bestemmelser pkt 3.4. Dispensasjonsvedtaket forutsett at andre godkjenningar, evt. privatrettslege avtaler, ligg føre.**

#### **Heimel**

Det er med heimel i Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4 at kommunen sett krav til tiltak som vert plassert nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Byggesak v/sakshandsamar

#### **Mottakarar:**

Torbjörg Eitrheim Bergersen

Galtenesvegen 9 5918

FREKHAUG

